

An aerial photograph of a town in a valley. In the foreground, a large roundabout with a central landscaped island is visible. Several cars are driving on the roads. The town consists of various houses and buildings, some with red roofs. In the background, there are rolling hills and mountains, some with patches of snow. The sky is clear and blue.

Kommunedirektøren sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan 2026- 2029

Kommunedirektør Kjetil Aga Gjøsæter
20. oktober 2025

Framsikt

Etter dette møtet;

- **Digital tilgang til framlegget** på kommunen si heimeside
- Digital tilgang til «**budsjett/politikarmodulen**».
- **Spørsmål og svar i Framsikt** fram mot vedtak i kommunestyret.

Systemet vil gi kommunestyret dei nødvendige verktøya til å vurdere konsekvensar av vurderingar og prioriteringar.

Be om bistand ved behov, gjerne også at controller eller andre stiller i partigruppene om dette er ønskeleg.

Budsjettprosessen 2025

- **20.oktober** Kommunedirektøren sitt **framlegg**
- **13.november** Handsaming i formannskapet – **innstilling**
- **14.11 – 7.12** Budsjettet ute til **offentleg ettersyn**
- **8.desember** **Handsaming i kommunestyret**

Budsjettet er basert på rammer og føringar som ligg i Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett lagt fram 15.oktober, som no skal handsamast i Stortinget.

Kommunen skal til ei kvar tid ivareta behovet for eit nødvendig økonomisk handlingsrom på kort og lang sikt. Kommuneleva;

- § 14-1 (1); «forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevnen blir ivaretatt over tid»
- § 14-4; innhald i budsjettet. «Utfordringer, utvikling, prioriteringer, balanse og realistisk»
- § 14-10 (1) «All bruk av midler i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midler»



Budsjettkonferanse 16.juni og utvikling fram til i dag.

Utgangspunktet 16.juni 2025

- Bygge på økonomiplan kommunestyret vedtok 9.desember 2024.
- Halde på kursen som er sett
 - For inntektene, inkl eieendomsskatt
 - For utgiftene (tenestenivået)
 - For investeringane

“Såframt ikkje hausten byr på store overraskingar vil det ikkje komme framlegg om vesentlege endringar”

Markerte risikoar, ma:

- endring i økonomiske rammeføresetnadar (renter)
- Brann og redning (utfall tilsyn)
- IKT drift og digitalisering (SOC)
- Barnevern (tiltak)
- integrering og sosialhjelp
- ressurskrevjande brukarar
- eldreomsorg
- Legesituasjonen (vikarkostnad)
- Straumpris
- Ekstraordinære vedlikehaldskostnader

Oppsummering budsjettframlegget

Eit stramt budsjett, med avgrensa handlingsrom, men eit budsjett kor me brukar 1,1 mrd til tenester til innbyggjarane i Bømlo.

- Netto **positivt driftsresultat** på kr 24.545.000,-
- **Tenestenivå som i dag**, med nødvendig styrking på nokre område.
- Held på “**Handlingsregelen**” (tar ikkje opp meir gjeld enn me betalar i avdrag)
- Rom for “mindre” investeringstiltak i 2026, med god tilskotsfinansiering frå staten
- I staden for framlegg om gradvis reduksjon av **eigedomsskatt**, må me gjere framlegg om å auke med 0,5 promille i 2026 og 2027
 - Frå 3,2 til 3,7 promille. Vil genere 12 millionar til nødvendige kommunale tenester
- Det vil bli starta prosjekt med **Tiltakspakke IV** kor målet er å redusere med 6-8 stillingar for å styrke helse og omsorg i budsjett og økonomiplan for 2027-2030.



Norge mot 2060

Perspektivmeldinga 2024 (Stortingsmelding 31)

Hovedutfordringer

Kamp om arbeidskraft



Foto: Colourbox

- Færre i yrkesaktiv alder, flere eldre.
- Behov for å få flere i arbeid og halde folk i jobb lenger.

Behov for omstilling



Foto: Thomas Haraldsen/Forsvaret

- Auka spenning i verda – utgifter til forsvar
- Klima- og naturendringar
- Minkande petroleumsaktivitet
- Låg vekst i arbeidsproduktiviteten

Fortsatt god fordeling




Foto: Getty Images

- Omfordeling over livsløpet
- Befolkninga skal ha stabil tilgang på offentlege tenester

Bømlo mot 2029

Endring i demografi



Tal i heile 1000 kr	2027	2028	2029
Barnehage	-2773	-5990	-7079
Grunnskule	-3200	-5600	-9500
Eldre	8200	15600	26600
Samla sum	2 227	4 010	10021

Omfordeling av utgiftene frå oppvekst til helse og omsorg vil vere nødvendig framover.

Økonomisk utvikling inkl nokre forklaringsvariablar



Finansielle måltal for Bømlo kommune

NØKKELTAL	MÅL	VERKNAD FOR BUDSJETT
Netto resultat i prosent av driftsinntektene	Større enn 1,75%	23,6 mill
Disposisjonsfond	Mellom 10-15% av driftsinntektene	135,1mill
Lån som skal dekkast av frie inntekter	Mindre enn 85% av driftsinntektene	72,1%


Krav i kommunelova av 2018

Vedtak i kommunestyret 2019

Venta økonomisk utvikling i planperioden


Økonomi – drift 2026-2029

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

[illegible]

Økonomi – buffer/disposisjonsfond

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

[illegible]



Prognose for drift per utgangen av september

- **Meirforbruk** i tenestene på kr 5,8 millionar per oktober (uventa auke i premieavvik)
- **Prognose for meirforbruk for året** er på kr 4,6 millionar.
- **Prognose** for driftsresultat for 2025 er positivt med kr 7,7 millionar. Må ha eit positivt resultat på kr 12,3 millionar, noko framleis er mogleg å nå.

Dersom dagens **prognose blir resultatet** vil kommunen bli ROBEK registrert etter kommunestyret si handsaming av rekneskap våren 2026.



Likviditeten

- **Siste år (2025)**
 - «Likviditetslån» på inntil 125 millioner kroner
 - **Kostnad** med kreditten
 - Kr 1.468.000 per oktober 2025
 - Venta total for 2025 er kr 1.750.000,-
- **Behov 2026**
 - Framlegg om å halde på likviditetslånet, men ta ned ramme til kr 100 millioner.
 - Estimert kostnad på ca. kr 2.000.000,-.

Framleis lang horisont for likviditetsmessig balanse.

Investeringar i
økonomiplanperioden
2026-2029



Generelt om investering, gjeld og kostnad

Netto finanskostnader	R2022	R2023	R2024	B2025	B2026	B2027	B2028	B2029
Låneavdrag i driftsbudsjettet	36 051	37 039	39 048	37 176	38 028	38 596	39 626	40 625
Sum rentekostnader	23 379	42 193	45 421	49 155	51 933	52 385	53 306	54 076
Sum andre renteutgifter (likviditetsån)			1 740	1 800	2 000	1 950	1 600	1 200
Sum renteinntekter	-7 525	-10 180	-7 023	-6 990	-7 468	-8 641	-8 441	-10 073
Sum netto finanskostnader	51 905	69 052	79 186	81 141	84 494	84 290	86 091	85 828
Netto finanskostnader i % av netto dr.innt.	4,4	4,4	4,4	6,2	6,0	6,1	6,1	6,2

- Investeringane skal gjenspeile korleis «*langsiktige utfordringer, mål og strategier i kommunale- og regionale planer skal følges opp*» jf kommunelova § 14-4 (1).
- Netto lånegjeld er 973,8 mill
- **Renteutgiftene** venta å bli redusert i økonomiplanperioden. Likevel høgt anslag for 2026 på kr 54 millionar.
- **Avdrag** stabile med kr 37-40 millionar i perioden.
- **Startlånsordninga** – lån til vidare utlån. Framlegg om å auke frå kr 20 millionar årleg til kr 30 millionar.

A young boy in blue patterned swim trunks is captured mid-jump, diving into an indoor swimming pool. The pool has lane lines and a diving board is visible in the background. The ceiling features a modern design with wooden beams and skylights. The text 'Økonomisk handlingsrom' is overlaid on the right side of the image.

Økonomisk handlingsrom

Framtid:

- Så lenge me held på «handlingsregelen» vil handlingsrommet vere avgrensa. Samstundes vil ikkje gjelda og gjeldsgraden vekse, snarare tvert i mot som følgje av inflasjon.
- Det vil vere handlingsrom i 2026 for «mindre» investeringsprosjekt, kor den kommunale delen blir liten som følgje av gode tilskotsordningar.

Overordna prioritering frå administrasjonen:

- Investere i **driftsmidlar** nødvendig for **tenesteproduksjonen**
- Investeringar nødvendig for **utvikling av drift**

Løpande investeringsvedtak i økonomiplan, m.a

- Digitalisering og IKT investeringar (4 mill)
- Oppgradering kommunale bygg (7,2 mill)
- Trafikksikring (2,5 mill)
- Nærmiljøanlegg kor kommunen er søker (600`)
- Kyrkje (3 mill)



Tidlegare investeringsvedtak (for 2026)

- Kontor barne- og familietenesta (500`)
- Økonomi og personalsystem (1 mill)
- Våge skule med uteområde (1,1 mill)

Kontorløyising for barne- og familietenesta blir avgjort etter sak om barnevern (SIB).

Våge skule med uteområde ligg i plan, men vil føre til at me utfordrar “handlingsregelen”. Dersom ROBEK må me truleg gå ein litt lengre veg for å realisere.



Framlegg til nye planlagde investeringar

- Carport Bømlo heimetenester (2026)
- Sjukesignalanlegg Bømlo sjukeheim (2026)
- Dagtilbod Moster (2028)
- Forsterka skjerma eining – Teiglandshagen Moster (2029)
- Bustader for yngre med nedsett funksjonsevne (2028)
- Brannbil stasjon Langevåg (2029)

Felles for fleire av tiltaka er at dei har **sterk** tilskotsfinansiering frå staten.



Drift
2026-2029



Inntekter Føresetnader

«Kommuneramma»

- Den samla økonomiske ramma staten fastset for kommunesektoren gjennom kommuneproposisjonen (15.mai) og justert i statsbudsjettet.
- Rammetilskot og skatteinntekter. «Frie inntekter» som kommunen skal disponere til å til å løyse lovpålagde oppgåver, dvs skule, helse, barnehage og omsorg.
- Framlegg til statsbudsjett 15.oktober 2025
 - Samla vekst for kommunane på 3,2 mrd
 - I tillegg vidareføring av 1,6 mrd frå revidert nasjonalbudsjett
 - Skal sikre dekning av demografi og pensjonskostnadar, og gi eit visst handlingsrom.
 - Me opplever handlingsrommet som begrensa
- Det er grunn til å tru at me i samband med budsjettforliket vil få ei «kommuneramme» som er høgare enn framlegget 15.oktober.

Særleg om eigedomsskatt i økonomiplanen

Dagens løysing

- 3,2 promille for bustad
- 4,0 promille for næring

Forslag til løysing 2026

- 3,7 promille for bustad
 - I strid med mål og økonomiplan
 - Sikrer inntekter på kr 12 millionar for 2026 og 2027
 - Framlegg om å skyve på plan for nedjustering av denne kommunalt anlagde skatten.
- 5,0 promille for næring
 - Auke med ytterlegare 1 promille frå fjorårets vedtak
 - Som vart «retta» i samband med revidert.
 - Halde fram mot auke til maks iht kommunestyret sitt vedtak.

Føresetnadar kostnadssida

- **«Kommunal deflator»**

Berekningsverktøy som staten brukar for å anslå den samla kostnadsveksten i kommunesektoren frå eitt år til det neste.

Viser kostnadsauken på grunn av lønnsvekst, prisvekst på varer og tenester og pensjonskostnad (frå 2026 inkl i deflator).

- Samla pris og kostnadsvekst/deflator berekna til 3,5% i 2026
 - Anslag prisvekst varer og tenester er 2,8%
 - Anslag lønnsvekst er 4,0%

Usikkerheiter i 2026

Inntektssida

- Frie inntekter/Skatteanslaget
 - Lagt oss noko over anslag frå departementet (7 mill).
- Havbruksinntekter
 - Relativt gode anslag for inntekt
- Saldering statsbudsjett og revidert budsjett
 - Kommunerramma

Kostnadssida

- Lønsvekst (særleg v/turnover)
- Prisvekst varer og tenester
- Rentenivå
- Straumkost
- Sjukefråvær og vikarkostnader
- Barnehage – KS sin berekningsmodell versus vår budsjettering (fasit 22.oktober)

Tiltakspakke IV – generell kostnadsreduksjon for å kunne styrke seksjon for Helse og omsorg

Førebuing til budsjett 2027 og økonomiplan mot 2030

Tiltakspakke tilsvarende dei me hadde i 2024

Fokus

- Kostnader (ytterlegare opprydding i lisenskostnader mv)
- Produktivitet (ta ut gevinstar ved teknologi og digitaliseringsløyningar)
- 6-8 Stillingar (ta ned og redefinere stillingar for å tilpasse oss 2026 bildet)

Prosess

- Drøftingar med tillitsvalde som startar straks budsjett er vedtatt

Politisk involvering

- Løypemeldingar januar - juni 2026
- Sak til handsaming før handsaming av revidert budsjett 2026.

- Utgangspunkt;

[illegible]

Sentraladministrasjon

Prioriteringar og utfordringar



- Driftsramme IKT
 - Dekke kostnad til digitale løysing som handtere tryggleikstruslar (SOC)
- Driftsramme Brannvern
 - Dekke kostnad som kjem for å lukke avvik etter tilsyn DSB september 2025 (sjåfør tankvognbil)
- Tilskot
 - i det vesentlege justert iht indeks.
- Utfordringar
 - Ikkje justert opp ramme for brannvern til å dekke avvik knytt til dagberedskap sentrum (fleire enn 3000 innbyggjarar)
 - Indeksjustering av selskapa våre vil over tid føre til utfordringar. Indeksjustering dekkar ikkje den reelle kostnadsveksten.



Skulestart på Moster skule

Utfordringar – Oppvekst, kultur og idrett

- Færre barn i barnehage og skule og reduserte statlege inntekter
- Stor vekst i utgifter på barnehagefeltet (ny makspris og høg nasjonal sats)
- Barn og unge treng meir og tettare oppfølging og fleire familiar treng avlastning. Færre stillingar til førebyggjande arbeid.
- Vidare oppfølging av lovkrav om tverrfagleg samordning, samhandling og førebygging – interpellasjon om organisering av barnevern
- Høgt tal på busetjing av flyktningar over fleire år, samt auke i bebuarar på asylmottak – auka oppfølgingsbehov både på opplæring og helse
- Vekst i SFO som følge av gratis kjernetid for 1. - 3.trinn
- Kunnskapsløftet 2020 (LK20) revisjon av læreplanverket i grunnskulen – framleis behov å jobba med implementering og for nye digitale og fysiske læremidlar
- Mindre rammer til å støtte frivillig kultur og idrett

Oppvekst, kultur og idrett – kva vert prioritert?

- Ressursar til skulane som dekkar lærarnorm
- Auke i tilskot til barnehagane i tråd med tal barn og nasjonal sats
- Finansiering av barnevernsområdet i tråd med behov frå tenesta
- Styrking av sosiale tenester på grunn av endra brukarsamansetnad
- Tilbod i kulturskulen, biblioteket og symjehallen på same nivå som i 2025
- Kompetanseutvikling
- Digitale læremiddel
- Styrking av kulturhuset sin økonomi



Oppvekst, kultur og idrett – kva vert føreslege redusert/ kva for tiltak får me ikkje implementert?

Styrke førebyggjande tenester

Arbeidstøy til SFO tilsette

Midlar til frivillige lag og org.

Aktivitetstilbod barn/unge

Midlar til fysiske læremiddel

Styrka bemanning eller planleggingstid i SFO

Bassengrehab. Hillestveit



Moster Amfi

Utfordringar – Helse, sosial og omsorg (HSO)

- Å få på plass styringstiltak «utanfor institusjon» raskt nok (heimetenester)
Kompetanse, ressurs og bustadtiltak i tråd med demografiutfordring
jfr. rapport «Omsorg pluss og berekraftige bustader» og «Samhandling og bustadstruktur.)
- Ikkje styrking 2026 retta mot førebygging, rehabilitering og tidleg innsats i tråd med planar.
- Fleire oppgåver og større ansvar framover. Overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta held fram.
- Demografisk utvikling : Auke i tal eldre, færre i arbeidsdyktig alder. Me må halde fram arbeid med utvikling/omstilling og krevjande prioriteringar.
- Legetenesta – rekruttering fastlegar er framleis utfordrande. Me merkar aukande rekrutteringsutfordringar også innan andre yrkesgrupper.
- Økonomiske rammer er vesentleg del av utfordringa.



Helse, sosial og omsorg – kva vert prioritert?



- Oppretthalde tenestenivå, og gjennomføre vedtekne planar for omstilling (Handlingsplan HSO)
- Tilpasse budsjett (auke/redusere) på områder der det kjente og vedteke endringar.
- Styrking om lag eit årsverk heimetenester og ei auke i ramme interkommunal legevakt
- Investeringar HSO: Isfri parkering tenestebilar, kommunale omsorgsbustader (eldre og yngre), sjukesignalanlegg/velferds-teknologi institusjon.
- Prosjekt - m/tilskot :
Tiltak personar rusavhengigheit, familiekoordinator, tidleg identifisering av skrøplege eldre, jobbsjansen, prosjektutviklar byggutvikling.

Helse, sosial og omsorg – kva vert føreslege redusert / kva tiltak får me ikkje implementert

Det er i 2026 budsjett i ikkje styrka tiltak innan førebygging, rehabilitering og tidleg innsats

Det ikkje funne plass til viktig styrking av heimetenester og dagtilbod utover ca 1 årsverk

Det er ikkje funne plass til styrking av nattressurs ved Teiglanshagen og BBH/KOR

Det er ikkje funne plass til styrking av ressurs NAV for oppfølging av personar med rusutfordringar

Demensplan - Ikkje lagt inn ressursar (i tråd med tilrådingar frå faggruppe)

Samfunnskontakt retta mot frivillighet – ikkje funne plass

Ikkje funne plass å styrke ergo-/fysioterapi (førebygging/rehab)

Velferdsteknologi og digitalisering – ikkje styrka tilstrekkeleg



Utfordringar – Samfunnsutvikling

- Teknisk drift overtek nye bygg og vegar for drift og vedlikehald, medan gamle bygg og eigedommar som ikkje er avhenda fortsatt treng driftsmidlar.
- Midlar til vedlikehald av kommunale vegar og prioriterte tiltak for trafikksikker skuleveg.
- Høge straumutgifter over tid, stiller større krav til at bygga våre er energieffektive.
- Behov for gode digitale løysingar, som fremmar enkel dialog med innbyggjarar og næringsliv. Løysingar som gjer det enkelt å samhandle, og som sikrar god kvalitet på søknadar, vil redusera saksbehandlingstida. Med nye digitale løysingar føl auke i lisenskostnadar og sky-baserte løysingar.

A scenic view of a coastal village, likely in Norway, featuring colorful houses (red, white, yellow) built on a hillside overlooking the water. A forested mountain is visible in the background. The image is partially obscured by a white silhouette of a person's head and shoulders.

Samfunnsutvikling – kva vert prioritert?

- Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.
- Digitaliseringsprosjekt som gjev samhandling med kommunen enklare for innbyggjarar og næringsliv. Utviding av tilbodet i «Min eigedom», vil gjera det lett å bestemma kor ofte ein vil ha faktura på eigedomsskatt og brannførebygging/ feiing.
- Avhending av bygg og eigedomar kommunen ikkje nyttar, for å sikra drift og vedlikehald av det me har att på dagens nivå.
- Mindre trafikksikringstiltak langs kommunale vegar og rullering av kommunen sin plan for trafikksikring.



Samfunnsutvikling – kva vert føreslege redusert/ kva for tiltak får me ikkje implementert?

Auke opp rammene til teknisk drift for å sikre m.a. brøyteberedskap på dagens nivå

Auke opp rammene til teknisk drift for å handtera akutte reparasjonar på bygg, tekniske installasjonar og driftsmateriell

Auke budsjettet til energi/ ENØK, for å ta høgde for auka nettleige og straumutgifter

Oppsummering forslag til budsjett og økonomiplan 2026- 2029

- **Ei stor** investering i planperioden – Våge skule
- Fleire **små og spennande prosjekt** knytt til bustadstruktur som me kan få realisert med tilskotsmidlar.
- **Positivt driftsresultat** som dekkar meirforbruket for 2024. Etter dette året kan evt overskot nyttast som «frie midlar»
- **Mellombels auke i eigedomsskatt** for å sikre balanse
- Styrking av resultat og **fond frå 2027**
- Styrking av **likviditet og nedjustert behov for likviditetslån**
- Styrking av **evne til å gjere større investeringar** over tid.
- Halde fram med eit godt tenestetilbod





Lukke til med budsjettarbeidet!